

Samlesing («shared reading») i nynorskopplæringa

Samlesing (shared reading) er ein forskingsbasert lese-metode med intensjon om å opne litteratur for alle mål-grupper. Denne teksten tek føre seg korleis metoden kan forankrast i LK20 og nynorskopplæring.

TEKST *Guro Kristin Gjøsdal*

Samlesing (shared reading) er ein internasjonal lesemetode som er utvikla av Jane Davis og The Reader Organisation i Liverpool. Metoden fremifar ein vennleg og trygg møtestad mellom menneske og mellom menneske og litteratur. Lesemetoden vert brukt i skule, bibliotek, helse, soning og rusomsorg, og innanfor eit breitt spekter i alder. Innanfor samlesing les ein korte tekstar saman i små grupper på opptil ti personar. Ein sertifisert leseleiar vel ut ei kort novelle eller eit utdrag av ein tekst, og eit tematisk relatert dikt.

Samlesing fungerer som ein lesesirkel der ein møter teksten der og då. Leseleiaaren les høgt dei skjønnlitte-rære tekstane i ei gruppe. Deltakarane får utlevert tek-



Foto: Tone Brandal

ane, og såleis skjer det også ei felleslesing. Underveis og etter lesinga samtaler og undrar ein seg over tekstanane. Målet er ikkje å kome fram til ei felles tolking, men å bringe inn ulike perspektiv og opplevelingar av teksten slik at ein utvidar opplevelinga for kvarandre. Vi les for å verte klokare på oss sjølv og andre. Det er ønskeleg at det er ei trygg og hyggeleg ramme når ein nyttar samle-sing. Å samlast kring eit bord med noko varmt i koppen er vanleg. Ein kan også nytte metoden i naturen.

Metoden eignar seg best om ein tek kurs som lese-
eiar. Dersom ein skal kalle seg leseliteiar i samlesing må
ein vere sertifisert. Eit alternativ er å kontakte bibliote-
ket i kommunen eller fylket for å kome i kontakt med
eliteiarar som kan kome til skulen eller gruppa di.

bulwarową. Nie możemy pozwolić, aby odwróciły one naszą uwagę od myślenia o przyszłości.

Przykłady tych, będących kainowym piersem naszych czasów, można mnożyć. W wiekuście przepań przypięliśmy już okazje, aby zawsze rozpoznać ich przyczyny i rokonać je w zarodku. Nikt z nas nie jest świ. Jezum, dając nam smokami musimy walczyć, jak tylko wykroć się z ją. Wreszcie w tym miejscu postępującej urbanizacji krajobrazu, co od dziesięcioleci jest sobą w oku nie tylko miłośników przyrody, a której rozwój mimo to na różne sposoby wisperwanie. Rospęce góry śmieci coraz dokluwają ograniczącą naszą swobodę. Nie potrafimy skutecznie rozwijać tego problemu, a przecież nie mniej uciągające jest zasimowanie kredytów, odpalanym lektualnymi. Mrożąca się gospodarka, zatrzymywana przez ograniczenie przepań, praktycznie wszystkich ludzi starszych, którzy nie byli fani nowoczesności. Kto dałby nam chwilę zgadzić się na to, że z taką czasem zostanie pozbawiony prawa głosu ko osoba kochająca i czująca osiągniętemi? Przyponiamy sobie, że jesteśmy daleci od ekonomicznej, których pomysły kosztowały nam gospodarkę narodową miliardowe straty. Tym bardziej brakuje nam teraz, jak wielu członków naszych elit uczestniczyło w nagradzaniu tych rzekomo niepotwierdzalnych osobowości, plasujących się przed nim, gdy byli o szczytu kariery, aby ich bezpiecza piętnować po upadku? W blokach starowych stoi już następne pokolenie gospodarczych desperados, którzy z czasem również znajdują swoich bezkrzyznych uciechielic.

Istotę obiegającą konie, bedziemy musieli jeszcze raz sprawdzić, zarysowany i zarządzany tak jak nas może zatrzymać, bezulatka stale nie jest pewny - tłum, własne). Ta skończona do eksperymentowania rocznika się według mnie nie służy do eksperymentowania, ale także na państwo jako całość.

Przykłady tradycyjnym schematem myślownym

lasy są złożone bezkrzyzowym społeczeństwem kon-

tynologiczne, nieustannie padamy ofiarą rosnących hasil-

wysiedlania. Cagle dajemy się zaskakiwać. Często wzroczymy-

się na las, który zawsze wygląda na głupiego. Wysadzony wokół lasu głupiego, i wesprzywanego bardzo od momentu odległe, co-

zajmują mniej nas przesądów niż fioleta ludu na innym kontynencie. Mówiąc, że las przeważnie daje nam ziemie kontynentu, aby cyrkulował lub widział, który z zapartym śledzią zatrzymał się, odmawiając przed nim panem samorządowym. Refleksję te zdałyśmy się zrozumieć w jednym swiet-

szeniu. Ze cagle myślą przypisujemy opinię karacanu nam przez me-

się, który według myślownika bezkrzyzowym, łatwo ulegamy-

szom, ale skupionym krewnowo na hierarchie kartoteki. Typu,

który zawsze potrafię jeszcze w szwagrze zatoczyć. Mu-

żem zawsze wszyscy się podstawimy z sukaczem, a następnie bronimy-

się jakim gotowy produktem i sukać, kiedy odnoszą się do naszego dyla-

gu, takiego wycinka zwyczajistki, jakim jest po mieście prze-

wędrować po naszym. Bezładami krytycznymi, przejmującymi tra-

w którym postawali nas. Bezładami krytycznymi, przejmującymi tra-

w którym skrywamy myślowne i pielegnujemy dawne cywilizację, ce-

dzymy, która wzroszła z człowiekiem w dymie stuprocentowym fragmentem w tle, który zawsze zatrzymał się w wieku siedemnastu lat, ten spie-

wym, który zawsze zatrzymał się w wieku siedemnastu lat, ten spie-

Musimy mieć odwagę prezentowania własnego zdania i znajdować w sobie godność do jego obrony na zewnątrz. Osobiście bardziej niepotek mówię skromności niektórych członków tzw. elity do unikania roli osób „pujszujących zabawę” niż pięiące się gorycą.

Potrzebujemy więcej ludzi, porządkujących pójścia pod prąd po-
wszechnie opinię, mających własne poglądy i wizje. Ale ekspe-
rymentujemy przecież z rozwojem, pamiętając słowa zamordowanego
prezydenta Johna Kennedy’ego, wypowiedzianego w roku
1963: „...the buck stops here” - “chyle” to test anew whether

95

Noko å vere merksam på er at det finst ein rein skuleretta metode som er utvikla av leseforskaren Donald Holdaway (New Zealand), som heiter Learning Smart - Shared Reading, på norsk omsett til *felleslesing*. Det er ikkje same metoden som denne teksten illustrerer, sjølv om der er likskapar. Metodane *samlesing* og *felleslesing* har ulike praksisar og kontekstar. Felleslesing kan de lese meir om på Nynorskcenteret sine nettsider.

Norsk omgrep på metoden

Vi treng eit felles norsk omgrep på metoden, som no vert forklart og titulert på ulike vis. *Samlesing* er ei omsetting som fleire tykkjer samsvarer med den faktiske aktiviteten i metoden. Dette omgrepet er også støtta av den norske forskaren på metoden, Thor Magnus Tangerås ved Høyskolen Kristiania. Bruk av omgrep etablerer omgrep, og der har vi som nyttar metoden, ei moglegheit og eit ansvar. Å kalle metoden for shared reading kan verke framandgjerande og mystisk, og det støttar ikkje opp om godt og tydeleg norsk språk og språkvern.

Ver til stades

I samlesing treng ikkje deltakarane å førebu seg. Ein treng ikkje å delta i samtalen, ein kan velje å berre lytte og delta på den måten. Leseleiaren førebur dei tematiserte tekstane og leier samtalen og undringa. Metoden finn støtte i teori om at læring treng tid, ro og mogning, og at ikkje all læring treng å bli direkte vurdert i formål og karakteroppnåing. Diktet som vert lese etter novella, vert gjerne lese fleire gongar. På denne måten kjem ein i djupna på teksten. Her kan deltakarane bli inviterte til å lese diktet høgt for dei andre. Ulike stemmer kan gi ulik formidling og perspektiv. Metoden har overføringsverdi til fleire område. Han gir øving i å lese, leie, lytte og vere til stades. Ein kan oppleve å finne konsentrasjon og ro. Samlesing er også ei estetisk og delta-kande oppleving.

Passar for alle

Lesemetoden opnar for samtalar om tema ein kanskje ikkje snakkar så ofte om. Dette kan vere med på å skape perspektiv og empati. Kvar enkelt deltakar møter litteraturen på sin måte. Lesinga utvidar seg etter kvart som deltakarane bidreg med sine synsvinklar. Møtet med metoden og litteraturen kan også utfordre. Målet er at ein kan få ny innsikt eller ei ny forståing av seg sjølv og andre. Såleis er det også ein metode som i høgste grad støttar opp om demokrati og medborgarskap, folkehelse og livsmeistring. Samlesing er ein stad for vekst og passar

både for den som har lese mykje, og den som har lese lite. Lesemetoden kan vise kva felleslesing og høgtlesing kan vere, både som formidlingsmetode, filosofisk samtale og som ein måte å verte kjent med seg sjølv på. Å verte lesen høgt for er noko ein set pris på gjennom heile livet.

Å nytte samlesing også med barn eignar seg godt. Metoden ligg nær slik ein les og snakkar om litteratur med barn. Å legge vekt på den direkte opplevinga i møte med litteratur fell naturleg for barn. Mange opplever at ein mister denne undrande, direkte opplevinga med frie assosiasjonar i møte med litteratur i oppveksten. Tradisjonelt legg skulesystemet opp til analyse av litteratur med formål om leseutvikling og tradisjonell vurdering. Samlesing gir rom for den frie, nyfikne, assosiative tilnærminga til litteratur og finn forankring i LK20 og vurdering for lærelyst og meistring. Å nytte samlesing som ein del av tidleg og heilskapleg bruk av nynorskdidaktikk er heldig. Alt kjekt i undervisninga kan vi gjere på nynorsk!

Samlesing og LK20

I LK20 er lærelyst ein del av vurderingsforskrifta. Elevar som har lærelyst, er gjerne meir uthaldande i læringsarbeidet enn elevar som manglar lærelyst. Forsking på og erfaring med samlesing ser ut til å kunne bidra til lærelyst og uthald. Å vere uthaldande gir over tid betre læringsresultat og ei oppleving av meistring. LK20 legg også vekt på korleis barn og unge kan kome til ei djupare forståing av seg og omverda gjennom metodar som gir glede og ei kjensle av tid og rom. Lese-metoden samlesing eignar seg innanfor område i vurdering for lærelyst og meistring, og som metode til bruk i skule- og miljøutvikling.

Gir nye perspektiv

Læreplanverket understrekar også at elevar skal utfalde skaparglede, engasjement og utforskarrong. Dei skal lære å uttrykke seg gjennom estetiske uttrykksformer, leik og praktiske aktivitetar. Dette støttar samlesing. At ein som lærar ser verdien av skjønnlitteratur, kunst og kultur, byggjer opp underansvaret for god fagleg og pedagogisk kvalitet i opplæringa. Ulik forsking og erfaring viser at det er mange verdiar knytte til desse omgropa. Det blir hevdat at ein kan endre verda med kunst.

Skjønnlitteratur kan trøyste og varme eller påverke hardt, og lære eleven noko som dei tradisjonelle læremidla ikkje kan.

Dei tre tverrfaglege temaa

Skulen skal legge til rette for læring innanfor dei tre tverrfaglege temaa folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap, og berekraftig utvikling. Dette er tema som tek utgangspunkt i aktuelle samfunnsutfordringar som krev engasjement og innsats frå enkeltmenneske og fellesskapen i lokalsamfunnet, nasjonalt og globalt. Elevane utviklar kompetanse knytt til dei tverrfaglege temaa gjennom møte med ulike problemstillingar frå ulike fag og metodar. Her kan lesemetoden samlesing bidra. Elevane skal få innsikt i utfordringar og dilemma innanfor temaa. Dei skal forstå korleis vi gjennom kunnskap og samhandling kan finne løysingar, og dei skal lære om samanhengar mellom handlingar og konsekvensar. Kunnskapsgrunnlaget for å finne løysingar på problem innanfor temaa finst i mange fag, og temaa skal bidra til at elevane oppnår forståing og ser samanhengar på tvers av fag. Måla for kva elevane skal lære innanfor temaa, er uttrykte i kompetanse- og mål for fag der det er relevant. Samlesing set folkehelse og livsmeistring i skulen i eit relasjonelt og dialogisk perspektiv. Samlesing legg vekt på grunnleggande livsmeistringstema, som evna til å vere i kontakt med seg sjølv og med andre, evna til å utvikle empati og samhørsle, og evna til å samhandle og bidra i fellesskapet.

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorskcenteret)

Denne teksten er publisert på nettsidene til Nynorskcenteret, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa ved Høgskulen i Volda. Nynorskcenteret er eit ressursenter for nynorsk i opplæringa. Senteret fremjar metodar og arbeidsmåtar som kan motivere og auke kvaliteten på arbeidet med nynorsk i barnehagen og skulen. Nynorskcenteret driv forskingsformidling og praksisnær aktivitet basert på relevant forsking og medverkar til at opplæringsfeltet får auka kompetanse til å tolke og ta i bruk rammeplanen og læreplanverket. Målgrupper for arbeidet er leiarar og tilsette i barnehage og skular, lærar- og barnehagelærarutdanningane og skule- og barnehageeigarar. Senteret er også rådgivar for dei nasjonale utdanningsstresmakte.

På denne nettsida finn de ressursar for god nynorskopplæring på sidemål og hovudmål til barneskule, ungdomsskule, vidaregåande, nynorsk i barnehagen, nynorsk for innvandrarar, i Den kulturelle skulesekken og i lærarutdanninga. Nynorskcenteret gir ut bladet Nynorskoplæring og driftar nynorskbook.no, som inneheld bokomtalar av barne- og ungdomsbøker på nynorsk, sorterte etter aldersgruppe.



Forslag til nynorsk litteratur i samlesing

Forslag til dikt og noveller/korttekstar for ulike målgrupper.

Noveller på nynorskbook.no <https://nynorskbook.no/category/noveller/>

Dikt på nynorskbook.no <https://nynorskbook.no/category/dikt/>

Forsking på samlesing / shared reading

<https://oda.oslomet.no/oda-xmliu/handle/20.500.12199/1025>

<https://www.thereader.org.uk/>

<http://www.laeseforeningen.dk/>

What literature can do

Shared reading as an affordance

Sertifisering leseleiar

Til dømes:

[https://mr.fylke.no/kalender/kultur/shared-reading-](https://mr.fylke.no/kalender/kultur/shared-reading-kurs-leseleiar)

kurs-leseleiar

[https://kirstenmuhle.no/shared-reading/leselederne.no](https://kirstenmuhle.no/shared-reading-leselederne.no)

Litteratur

- Trøndelag fylkesbibliotek, Litterære pusterom
- Gamlem, Siv Måseidvåg (2021): Vurdering for lærestyrkt og mestring. Fagbokforlaget, Bergen
- Lovdata (2022): Lov om språk (språklova).
- Lovdata (2022): Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa (oppæringslova).
- Utdanningsdirektoratet (2022): Læreplanverket.

DIKT

NOVELLER

Barnetrinnet	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Tusenfryd</i> av Lars Mæhle • <i>Ylva og villgeitene</i> av Hilde Myklebust • <i>Nær nok</i> av Erna Osland • <i>Berre du som veit</i> av Erna Osland • <i>Gullfalken. Ni nye eventyr</i> av Erna Osland.
Ungdomstrinnet	<ul style="list-style-type: none"> • «Guten med mobiltelefonen» av Frode Grytten • <i>Jag är Supermann</i> av Lars Mæhle
Vidaregående opplæring	<ul style="list-style-type: none"> • «Tropefisken» av Gyrdir Eliasson • «Køyre frå Fræna» av Lars Petter Sveen • <i>Korte meisterverk</i> av Gaute M. Sortland • <i>Stavanger Stories 1 og 2</i> av Terje Torkildsen • <i>Og alle ting vert nye / Ingenmannsland/ Slutten på historia</i> (antologiar Samlaget) • <i>Korea – noveller om kjærleik</i> av Lars Mæhle • <i>Elskar, elskar ikkje</i> (antologi)
Vaksenopplæring	<ul style="list-style-type: none"> • «Til havet» frå <i>Gut jente, juni juli</i> av Frode Grytten • <i>Bikubesong</i> av Frode Grytten
Universitet/høgskule, lærarudanning	<ul style="list-style-type: none"> • «Betty og Henry» av Frode Grytten • «Baksida av medaljen» av Einar Økland • <i>Eg et før eg kjem/ Eg bur her no</i> av Kari Anne Bye • <i>Stupeteknikk</i> av Ingrid Senje • <i>Og alle ting vert nye. Nye nynorske noveller.</i> Antologi Samlaget. • «No fær huset» av Laura Djupvik • <i>Ho sykla bort og andre noveller</i> av Solfrid Sivertsen • <i>Menn som ingen treng</i> av Frode Grytten

Barnetrinnet

- *Skogen den grøne/ Eg er eg er eg er* av Ruth Lillegraven
- *Trollguten og andre dikt* av Jan-Magnus Bruheim
- *Flyg ut kom tilbake* av Anne Karin Fonneland og Akin Duzakin
- *Når sola kjem dettande inn. Dikt for store og små* av Per Olav Kaldestad
- *Vemmelege vers* av Roald Dahl
- *Bjørkebokstavar* av Hilde Myklebust
- *Sølvbåt og stjernevind* av Per Olav Kaldestad og Hanne Bramness (red.).
- «Romjulsdrøm» av Alf Prøysen

Ungdomstrinnet

- «Bak svingen på vegen» av Fernando Pessoa
- *Butiksangar* av Helene Hovden Hareide
- *Kom og hent meg* av Kjersti Wøien Håland
- *Vårar seinare* av Anna Kleiva
- «Vi kan ikkje eige kvarandre» av Arne Ruset
- «Nordmannen» av Ivar Aasen
- «Reise seg» av Marie Takvam
- «Din veg» av Olav H. Hauge
- «Den fyrste Songen» av Per Sivle

Vidaregående opplæring

- «Den kvite vegen» av Kjartan Hatløy
- «Innbyding» av Tarjei Vesaas
- «Du» av Marie Takvam
- «Vi skal ikkje sova» av Aslaug Låstad Lygre
- «Den dag kjem aldri» av Aasmund Olavsson Vinje
- «Brått framme» av Helge Torvund

Vaksenopplæring

- *Det største i livet av Storrusten & Hamran (red.)*
- «Når du er borte» av Tor Jonsson
- «Avgjerd» av Ann Kavli
- «Bortanfor stunda» av Tarjei Vesaas
- «Alt dette» av Arvid Hanssen
- «Aldring» av Einar Økland
- «Grøne eple» av Olav H. Hauge
- «Dei unge dei gamle» av Odveig Klyve
- «Fattig ynskje» av Tor Jonsson
- «De gamle kvinnene» av Åse-Marie Nesse
- «Nattsalme» av Jon Fosse
- *Eg lærer mor mi å føde* av Warsan Shire
- *Eg vil vere her* av Olaug Nilssen (red.)

Universitet/høgskule, lærarutdanning

- «Alt godt som enno ventar» av Jeaninne Masika Harrysson
- «Vakrast var du» av Marit Kaldhol
- «Elsk» av Arne Garborg
- «Norsk kjærleikssong» av Tor Jonsson
- «Aldri» av Jakob Sande
- «Legg ikkje ditt liv i mi hand» av Åse-Marie Nesse
- «På visitt i verda» av Marie Takvam
- «Junikveld» av Hans Børli
- «Formødre mine» av Eli Fossdal Vaage
- «Kom ikkje med heile sanningi» av Olav H. Hauge
- «Tante seier han likna ein fole» av Hildegunn Dale
- «I dag og i morgen» av Olav H. Hauge